



SAKSFRAMLEGG

Saksnr:	Utval:	Dato
08/2023	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	17.01.2023

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Tore Henrik Øye		22/1346

SØKNAD OM TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL PRODUKSJONSUTSTYR FOR LOKAL MATPRODUKSJON - HEIMLAGA MAT FRÅ PØYLO

Vedlagte saksdokument:

Søknad om tilskot til pølsestappar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Formannskap, plan og økonomiutvalet (FPØ) løyver inntil kr. 30 000,- i tilskot frå Vaksdal Kommunale Næringsfond til føretaket «Heimalaga Mat frå Pøylø» for innkjøp av pølsestappar til lokal produksjon og næringsretta sal av pølser.

Løyvinga er gjeve med bakgrunn i fondsvedtektene § 2 «Formål».

Tilskotet utgjer 30 % av godkjent kostnad på kr. 100 000,- eks. mva., og er knytt til faktisk kostnad ved innkjøp.

Tilskotet vert betalt ut etter innsendt sluttrapport med kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld fram til 01.10.24. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Vaksdal Kommunale Næringsfond skal nyttast til å fremje næringsføremål i kommunen, i tråd med fondsvedtektene § 2 «Formål».

Formannskapet-/plan- og økonomiutvalet (FPØ) er fondsstyre, og tildeler midlar etter innstilling frå administrasjonen.

Føretaket «Heimalaga Mat frå Pøylø» satsar på lokal produksjon av pølser og spekemat i næringsssamanheng, med utgangspunkt i Eksingedalen. Satsinga omhandlar også catering, og grunna auka etterspurnad, ser verksemda grunnlag for å utvikle produksjonen og tilbodet.

For å effektivisere drifta, søker føretaket om kr. 30 000,- i økonomisk støtte til innkjøp av pølsestappar.

Kommunedirektøren går inn for å løyve kr. 30 000,- i tilskot frå næringsfondet til investeringa. Tilskotet utgjer 30 % av budsjettert kostnad på kr. 100 000,-, som er maksimal tilskotssats i høve til fondsvedtektene § 4 «Stønadvilkår».

Bakgrunn for saka

Føretaket «Heimlaga Mat frå Pøylø», ved Bjørn Eikefet og Laila Mette Bolstad, har sidan 2014 satsa på lokal produksjon av spekemat og pølser for sal i næringsssamanheng. Satsinga har over tid utvikla seg til også å omhandle catering, der det stort sett vert nytta eigne produkt. Føretaket er lokalisert i Eksingedalen.

Verksemnda tilbyr produkt basert på lokal mattradisjon, lokalt handverk og lokale råvarer. Faste produkt på menyen er eksingedalskorv, spekepølse og skinkepølse.

Det har stadig kome til nye, faste kundar, både bedrifter og private. Etterspurnaden er aukande, og føretaket ser grunnlag for å auke produksjonen. I dette høvet har verksemnda for liten kapasitet til å levere nok produkt, i følgje søkjar. Det er difor naudsynt å investere i meir effektivt utstyr.

Innkjøp av pølsestappar vil effektivisere og auke kapasiteten i produksjonen, og føre til betre nytting av råstoff og innsatsfaktorar. Søkjar ser på planlagt investering som høg, spesielt med bakgrunn i at tilgangen på eigne investeringsmidlar gjekk ned under koronapandemien. Likevel meiner føretaket at innkjøpet er naudsynt for å utvikle drifta. I dette høvet vil eit tilskot frå næringsfondet bli sett på som svært verdfullt og nyttig.

Søkjar ser på planlagt investering som eit utviklingsprosjekt, med moglegheit for nye tilbod, større kundesegment, høgare leveransar og styrkja inntektsgrunnlag. I dette høvet handlar innkjøpet i stor grad om å ruste verksemnda for framtida, der ein satsar på kompetanseutvikling og å sikre/styrkje arbeidsplassane, i følgje søknaden.

Nærare informasjon om «Heimlaga Mat frå Pøylø» går av fram av vedlagt søknad og føretaket sin nettside: <https://heimlagamat.no/>

Det kom inn 9 søknadar ved søknadsomgangen i november 2022, med ein spesifisert søknadssum på kring 2,2 millionar. To av søkerane hadde ikkje oppgjeve søknadsbeløp, jf. oversyn som orienteringssak til sakshandsaminga.

Formelt grunnlag/rammer:

- Vedteker for Vaksdal Kommunale Næringsfond, revidert av kommunestyret den 14.06.22
- Vaksdal kommune – Kommuneplanen sin samfunnsdel 2017 – 2028
- Vaksdal kommune – Kommuneplanen sin arealdel 2019- 2031
- Strategisk næringsplan for Vaksdal kommune

Vurdering og konsekvensar:

Søknaden er vurdert å vere tilstrekkeleg opplyst for sakshandsaming og vedtak, jf. fondsvedtektene § 4 «Stønadvilkår». Søkjar innfrir kravet til å vere næringsdrivande, med registrert føretak i Brønnøysundregistrene, jf. § 2 fjerde avsnitt i vedtektene.

Kommunedirektøren vurderer at investeringa i produksjonsutstyr, som pølsestappar, er i tråd med næringsfondet sitt føremål om å fremje lokal næringsverksemd.

Søkjar har over tid, satsa på - og bygd opp - småskala matproduksjon i næringsssamanheng. Drifta og produksjonen er lokalisert i Eksingedalen, og byggjer på lokale mattradisjonar og lokale ressursar. Eigarane har utvikla verksemda i tråd med etterspurnaden i marknaden og tilgjengeleg investeringskapital. Kundane har stadig blitt fleire, og grunna auka etterspurnad, er det no trong for å effektivisere produksjonen gjennom innkjøp av nytt utstyr. I denne samanheng opnar næringsfondet for å gje tilskot til investering i varige driftsmidlar, jf. fondsvedtektene § 2 tredje avsnitt.

Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel peikar på lokal næringsutvikling som eit viktig satsingsområde for kommunen, mellom anna med tanke på sysselsetting og busetjing. Her går det fram at heile kommunen skal takast i bruk, med bakgrunn i ressursar, føresetnadar og lokal kompetanse. I dette høvet peikar spesielt arealdel på utvikling av gardsmat og andre tilleggstenester til tradisjonelt landbruk som grunnlag for lokal produksjon, foredling og inntening. Desse forholda går også fram i Vaksdal kommune sin strategisk næringsplan. Satsinga til «Heimlaga Mat frå Pøvlo» er soleis i samsvar med kommunale planar, og passar godt som verksemd i Eksingedalen, med landbruk som den viktigaste næringa.

Sjølv om drifta til føretaket er av småskala karakter, er det viktig å leggje til rette for drift og utvikling av lokale satsingar med næringsverdi. I dette høvet meiner Kommunedirektøren at eit tilskot frå næringsfondet vil medverke til ein meir effektiv, marknadsretta og lønsam produksjon. Ei slik utvikling av drifta vil også kunne vere positivt for lokal busetjing og sysselsetting.

I følgje vedtektene § 4 skal samla finansiering frå fondet, som hovudregel, ikkje overstige 30 % av den totale kapitaltrongen for eit prosjekt. Kommunedirektøren finn grunnlag for å gjere nytte av øvre, prosentvis finansiering. I gjeldande høve gjev dette kr. 30 000,- i tilskot, av ei samla investering på kr. 100 000,-.

Innstillinga til stønadsbeløp er vurdert opp mot andre innkomne søknadar, fondssaldo og tilgjengeleg fondskapital.

Konklusjon:

Kommunedirektøren gjer framlegg om å løyve inntil kr. 30 000,- i tilskot frå Vaksdal Kommunal Næringsfond til føretaket «Heimlaga Mat frå Pøvlo» for innkjøp av produksjonsutstyr som kan fremje produksjonen og lønsemda til verksemda.